

---

**Fra:** Bjarne Øvredal  
**Sendt:** 16.06.2017  
**Til:** Ragnhild Lønningdal  
**Kopi:** Roald Aandahl  
**Emne:** Merknad til kommuneplanen for 2017-2027. Gnr2 Bnr18 Rolvsvåg.

---

**Fra:** Bjarne Øvredal <ovredal@online.no>  
**Sendt:** fredag 16. juni 2017 12.50  
**Til:** Ragnhild Lønningdal  
**Kopi:** Roald Aandahl  
**Emne:** Merknad til kommuneplanen for 2017-2027. Gnr2 Bnr18 Rolvsvåg.  
**Vedlegg:** ParkeringRolvsv0617.pdf

Hei!

Ser de har planer om å utvida parkeringsplassen ved friluftsområdet i Rolvsvåg.  
Her eig vi gnr2 bnr18.

Vi forstår behovet for å utvida parkeringsplassen.

På fine sommardager er her svært fullt og presset på område, også for parkering, er stort.

Planane om småbåthavn i Rolvsvågen stiller og krav til meir parkering, antar vi.

I tillegg er denne parkeringsplassen anbefalt i eit tysk hefte for bubilbrukarar.

Her er plassen beskriven som trygg, fredeleg og gratis.

Dette fører til at frå tidleg vår til langt ut på hausten står her 1-4 bubilar eller campingvogner, nesten dagleg.

Denne bruken gir ein del forureining og stel parkeringsplassar.

Vi parkerer på eige område.

Ved utviding av parkeringsplassen håpar vi at de kan leggja det meste på fyllinga mot Rolvsvågen, nord for dagens parkeringsplass, der den er lett å opparbeida og gir kortara veg til båthamna. (sjå skravert felt på scann)  
Deler av det området vi forslår brukt til parkering, i tillegg til planforslaget, er i dag blautt og vanskeleg å gå mot småbåthavna.

Feltet merka med X håper vi kan bli værande som i dag.

Her er ein del kulturminner.

Den gamle løemuren og ei flott mura låvebru. I tillegg er her ein del store verneverdige bjørker.

Det vil og skjerma oss for auka biltrafikk like framfor huset, som i 2009 vart påbygd med utgangspunkt i den eksisterande arealplanen, og som blir mykje brukt av barn om sommaren.

Ved innkjøringa mot bomen, ved feltet X, står det i dag fleire skilt (O) som seier at denne vegstrekningen, fram til bomen, berre kan nyttast av dei som har tilknytning til eigedomane.

Det er svært viktig både for brukarane av friluftsområdet og oss at begrensninga på den store trafikken vert oppretthalden på denne vegbiten.

Vi, og fleire med oss, set stor pris på om denne endringa kan gjerast i kommuneplanforslaget.

Mvh  
Bjarne Øvredal  
Tlf 41514066

